

Langsvarsoppgave. Tolke novelle, høst 2024

Oppgave:

Tolk novellen.

Vedlegg:

— "Jazz meg opp" av Monica Goksøyr. Fra novellesamlingen *Slemme jenter* (2023)

- Svar på oppgaven
 - viser forståelse av novellen
 - har med eksempler og bruker relevant fagspråk
 - gjør rede for virkemidler og viser hvordan de fungerer i teksten
 - gjør rede for tema
- Struktur og sammenheng
- Språkføring og formelle ferdigheter

Jazz meg opp

Før eg trefte deg, trudde eg du var ein katt. Kusina mi skreiv til meg: «Kan du passe Freyja i oktober?» Eg trudde ho snakka om katten. Eg er elendig på namn.

Du var hos naboen til kusina mi då vi kom for å hente deg. Vi kom inn og såg ein tynn og beinete hund med langt, smalt andlet. — Passar du hunden òg, du? sa eg til naboen og kika etter katten. Naboen vart forvirra, og vi vart forvirra, og så forstod vi at den beinete hunden var deg. Kjærasten min såg på meg som om eg hadde gjort noko veldig dumt. — Dette får vere ditt ansvar, sa han. Du stira på oss. Eg forsøkte å lette på stemninga, smilte og klappa deg som om eg syntest du var søt, kjende hår og skjelett mot handa.

Det var kø på E6. Kjærasten min skulle rekke ein fotballkamp. Eg hadde dårleg samvit, visste like godt som han at eg ikkje dugde til å ta ansvar for noko, og no hadde vi deg i baksetet; det kjendest som å stå i heisen med ein framand, du låg der berre og skikka deg, og ingen av oss sa noko. Eg googla: *Hvordan gå tur med hund.*

Du pissa sju gongar etter kvarandre, eg fekk sjokk. Så forstod eg at pissing hadde ein annan funksjon for deg enn det hadde for meg, det var som om du plukka sopp i skogen, eller samla myntar i eit Nintendo-spel, eller tagga. Inne i leilegheita følgde du etter meg overalt, eg forstod ikkje kva du ville. — Kva vil du? sa eg, men du svara ikkje, stod der berre og stira på meg med det brune forventningsfulle blikket. Plutseleg såg eg meg sjølv, 20 år gammal i kø til ein utestad i byen, klar for kjærleiken.

Då vi kom heim frå jobb dagen etter, var du plutseleg full av liv. Du hoppa opp på oss og bjeffa, og eg hylte då tunga di sleikte handa mi. Kjærasten min sa SITTT! og du sat, men heile kroppen din dirra. Eg forstod at du handla på kommando, slik eg gjorde når vekkarklokka ringde om morgonen. Vekkarklokka sa STÅ OPP! og eg stod opp, sjølv om kroppen min svulma av søvn. Og når sjefen min sa «hit med dokument 00,03,06», sende eg han dokument 00,03,06, som om det var det eg var skapt for å gjere.

Eg fann ei leike i buret ditt, ei lita filledokke med fletter. Eg kasta henne over stovegolvet, og du bykste etter, tok henne i kjeften og rista på henne. Eg hylte litt.

— Ikkje jazz henne opp, da, sa kjærasten min.

— Hæ? ropa eg og kasta dokka igjen.

— Du jazzar henne opp, sa han.

— Kva er gale med jazz? ropa eg.

— Det er du som skrik, sa han.

— Vi leikar, sa eg.

Du rista ustyrlig på dokka, og kjærasten min sa SITTT! Forstod han ikkje at du måtte ventilere litt, at du ikkje kunne brenne inne med alt.

På jobb dagen etter skreiv kjærasten min at han kunne gå tur med deg, han visste at eg hadde ein deadline, og alt det der. — Eg gjer det sjølv, svara eg.

Eg måtte rykke i bandet ditt kvar gong du ville helse på nokon. Det var ei vond kjensle å røske nokon etter halsen på den måten. Eg hugsar då eg var lita og storesystera mi sa at eg hadde ein diagnose som alle visste om unntatt meg, og at alle skydde meg og syntest eg var ekkel, og då eg flaug på henne med neglene fyrst, tok pappa meg etter nakken og rista meg så auga dirra i hovudet mitt. Han gjorde det når eg pissa meg ut om natta òg, trua med å presse nasen min inn i den blaute madrassen slik han gjorde med Tinka.

Vi gjekk mot Vålerenga kyrkje, men du ville helst springe, og det ville eg også etter å ha sete på kontoret heile dagen, så vi sprang, beina over grusstien, øyra dine flagra som håret mitt. Då vi kom fram til parken, fekk du eit anfall. Du fauk rundt deg sjølv i spastiske rykk, og eg lurte på om eg måtte ringe ambulansen, men så stansa du og såg på meg med eit fullstendig tilrekneleg blikk, og eg forstod at du berre sleppte deg litt laus. Då du byrja på att, heia eg på deg. — Kom igjen, Freyja! sa eg. Du sprang i sirklar rundt meg, og eg spann rundt meg sjølv så du fekk nok band. Slik fór vi, som ein karusell, det stod bork og lauv etter beina dine, når du bjeffa, bjeffa eg òg. Eg vurderte nesten å løyse deg frå bandet, men kven veit kva som då kunne hendt?

Vi var utkøyrde då vi kom heim att. Eg slengde meg i sofaen, og du slengde deg inntil meg. Du var så tung og varm, eg kjende kroppen din ekspandere og kollapse for kvart andedrag, og vi sovna.

Morgonen etter laga du rare lydar då eg stod i dusjen. Eg skvatt og snudde meg og såg deg sitje utanfor dusjkabinettet, tenkte at du måtte skite, og sprang ut med deg, naken under kåpa og med gjennomvått hår. Du måtte ikkje skite. Vi tusla litt rundt i dei stille gatene, nakne begge to, det kjendest luftig og lett. Då eg gjekk inn att i dusjen for å skylje ut sjampo, byrja du å lage desse lydane igjen, og det gjekk opp for meg at du song. Så song vi for full hals til naboen slo i taket, då stansa vi.

Eg hadde vorte vant til lyden av klørne dine over golvet då kusina mi henta deg. No vart alt så stille att. Kjæra min var på fotballkamp den kvelden, og eg lurte på korleis du hadde hatt det alle desse timane i leilegheita medan vi var på jobb. Eg sette på jazz, ikkje den rolege typen, drakk akevitt, det var det eg fann i skapet. Så sprang eg mellom stova og kjøkenet så raskt eg kunne, hoppa i sofaen, beit i putene og slengde dei i golvet.

Eg låg på golvteppet då kjærasten min kom heim frå kampen. Han strauk meg over ryggen og lurte på om eg ikkje hadde hatt godt av ein luftetur.

Kilde: Goksøyr, M. (2023). Jazz meg opp. I *Slemme jenter*. Aschehoug.